



Syklistenes
Landsforening
www.slf.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune
Rådhusplassen 1
6413 Molde

Dato: 26.05.2016

Uttale – detaljregulering E39 – Bolsønes – Fuglset – plan 201308

Vi viser til utlagt plan for detaljregulering E39 Bolsønes-Fuglset med uttalefrist 26.05.2016.
Vi viser også til møte 10 mai.

Syklistenes Landsforening (SLF) arbeider for å betre forholda for syklistar, og at sykling skal vere trygt, opplevelsesrikt og attraktivt for folk flest. FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. Vi ønskjer med dette å kome med ein felles uttale til plana som no er til høyring.

SLF og FNF vil innleiingsvis berømme Molde kommune som grip tak i temaet sykkeli i planlegginga si så deltaljert og konkret som på vegstykkjet Bolsønes - Fuglset. Vi jobber for at det skal være enklere å velge miljøvennlige transportmetoder, og at det skal finnes et reelt alternativ til å benytte motoriserte kjøretøy for å kunne komme seg til og fra jobb, skule og fritidsaktiviteter. Eit godt, gjennomtenkt og tilrettelagt gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader vil forhåpentligvis føre til eit sunnare og sikrare miljø for innbyggjarane, som frister til meir fysisk aktivitet. Dei store linene i dette arbeidet har vi spela inn tidlegare (2010 og 2013) til Molde kommune sin kommunedelplan hovudnett for gåande og syklande. Vi vil vise til desse våre tidlegare innspel om kva vi meiner om dei store linene i sykling, miljøomsyn og framtidig bærekraftig samfunn.

Samstundes vil vi også minne om kva vi meinte i vårt brev av 26.10.2015 knytt til Molde kommune sin arealplan 2015-2015;

Vi er difor ikkje samde i forslaget om ein firefelts veg frå Årø og inn mot sentrum, og at E39 blir lagt gjennom byområdet. Det må utarbeidast ein alternativ transportplan før

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

Genveitak nytt ikkje på noko anna mån Bolesnes-Fuglset i det vart ingen spesialsteg til med bilen at det blir utlegt gatetempotil 60 km/t. Høgfartsgrense uansett vegstandard. Dette letter tilrettelegginga for dei mjuke trafikantar på ein måte, men på den andre sida er jo det berre ei løysing som held vatn; plansikker løysing. Ein annan side av det er jo at når farta uansett vegstandard blir avgrensa, følgjer også det naturleg at ein treng ikkje det same arealet til bilen som ein ville ved høghastigheitsveg. Med andre ord meir areal til anna enn bilvegen.

komuneplanen blir vedteken. Dersom kommunen ikkje har relevant kompetanse til dette, må alternative fagmiljø kontaktast.

Elles må vi må igjen få poengtere at sykling er noko anna enn å gå. Sykkel har meir til felles med bil og kan erstatte bil i langt større grad enn gåing. Det opnar større perspektiv til å løse transportutfordringar/klimautfordringar, men krev anna tilrettelegging som er mykje meir krevjande enn å lage eit fortau. Dette gjer at vårt ønskje om areal til sykkel fort går på tvers av tradisjonell samferdelsplanlegging der hovuddelen av transportarealet blir avsett til bilen.

Når det gjeld element som vi meiner må endrast med detaljplana E39 Bolsønes-Fuglset har vi satt opp desse punktvise:

1. Det er ønskjeleg med i størst mogleg grad å skille dei gåande og syklande fra hverandre, jfr prinsippa frå sykkelhåndbok og traseene skal dimensjoneraast for sykling i 30 km/timen.
2. Flott at det kommer fleire plansikre overgangar, noko som gjer det meir effektivt og trafikksikkert å ferdast på sykkel.
3. Positiv med ein ny øvre trasee (frå no av kalla for "retirotrasee"), ny bru over Moldelva og planfri undergang under Frænaveien. Gir større fleksibilitet, sikkerheit og framkommelegheit
4. Transportsyklister på veg innover til Årø vil anten velgje heile nedre traseen, eller velgje deler av den, antakelegvis vil dei foretrekke strekninga frå Moldeleva- undergang under Frænaveien og videre til Rema 1000 deretter vil dei velgje den nedre traseen, framfor "Retirotraseen". Øvre traseen etter Rema 1000 gjennom Retroparken er mindre attraktivt for effektiv transport sykling pga fleire utrivelege rundkøyringar og etter Retroparken ein småkronglete rute gjennom boligfelt og med ein ekstra motbakke.
5. Undergangane må vere dimensjonert og utforma slik at det ikkje blir konflikter med dei gåande og syklande. Som syklist velgjer ein å ta fart for å forser motbakker. Her burde gåande og syklande skiljast i eigne felt. Dette blir gjort med suksess i Trondheim, blant anna på Lade der dei gående blir leia på eigne fortau under undergangen.
6. Den nye 4 felts vegen framstår som ein barriere for dei mjuke trafikantar. Verre enn det allereie er no. Det er for få moglegheiter å krysse veien utan å måtte gå eller sykle rundt. Dette vil fort kunne føre til lekkasje. Dessutan er overgangen ved Glamox tenkt fjernet, denne blir mykje brukt og det er behov for kryssløsning her (bru). Dei andre staden ein må ha moglegheit til å krysse den nye bilvegen er Nord/Nordaustr for dagens Statoilstasjon. Det blir elles alt for lang strekning for å gå for å krysse nord-sør.

7. Sør om dagens Helinor må være et tilbud til syklister på begge sider av veien. Anten som tosidig sykkelveg med eget fortau eller som sykkelfelt i vegbanen.
8. Kryssinga for dei gåande og syklande sør aust for Rema 1000 må flyttast lenger sør vest slik at ferdsla til busstopp og omkringliggende areal blir betre.

Konklusjon

SLF og FNF ønskjer primært eit svar frå Molde kommune etter dette vårt innspel av 26.10.2015, om at vi ikkje ønskjer ein firefelts veg frå Årø og inn mot sentrum, og at E39 blir lagt gjennom byområdet. Vi etterlyste i dette brevet ei alternative transportplan og kan ikkje sjå at dette er besvart ?

Sekundært ønskjer vi med med dette brevet å kome med konkrete forslag til forbetringar på ei strekning på E39 Bolsønes-Fuglset. Om ikkje desse forbetringane som vi har foreslått blir teke omsyn til, vil det fort bli farlege situasjonar ved at det blir lekkasje i form av mjuke trafikantar som går eigne vegar. Erfaringsvis tek jo folket den vegen som dei finn mest teneleg og finn seg ikkje i å bli leia langt unna målet. Etter vårt skjønn vil også våre endringsforslag gjere det enklare for dei som ønskjer stor fart på sykkel å kome fortare og sikrare fram og slikt sett sikre meir miljøvenleg transport.

Om kommunen finn våre innspel vanskeleg å forstå, stiller vi gjerne opp i eit møte for å vise på kartet kva vi meiner.

Helsing

Berry van der Bosch
Systistenes Landsforening

Ingbjørn Bredeli
Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal